

**Fra:** Matti Torgersen (Matti.Torgersen@hfk.no)  
**Sendt:** 11.02.2014 13:40:35  
**Til:** Ellen Strøm Synnevåg  
**Kopi:**

**Emne:** VS: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv  
**Vedlegg:**

-----Opprinnelig melding-----

Fra: regional@hfk.no [<mailto:regional@hfk.no>]  
 Sendt: 11. februar 2014 13:23  
 Til: Jon Erik Vollan; Matti Torgersen  
 Emne: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv

tiltak: Mental Helse Bømlo i samarbeid med Psykiatri tenesta i Bømlo kommune, søker om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.

søkjar: Bømlo kommune og Mental Helse Bømlo  
 orgnr: 96833895  
 kontakt: Per Oddvar Særstein( MH) Hanne Totland (BK)  
 epost: peoddv@online.no  
 tlf: 93049564/53423396  
 kostnad: 56 000  
 SUMfinans: 56 000  
 søknadssum: 30 000  
 andre: Nei  
 andre2: Nei  
 budsjett: Transport 25 000  
 Dugnadstimer lag/org, 20 000  
 planlegging 1000  
 administrasjonstid 10 000

Finansiering:  
 Inntekt:  
 tilskot HFK 30 000  
 kommunal finansiering 26 000

skildring:

Medlemmer i Mental Helse på Bømlo ynskjer eit samarbeid med Psykisk helse i kommunen. Dagsenteret «Nyving» er ein møteplass som tilbyr meiningsfulle aktivitetar gjennom ulike gruppetilbod/ kurs og sosialt fellesskap. Senteret fokuserer på heilskapleg helse som sosialt nettverk, fysisisk aktivitet og kosthald, og prøver å støtta opp om/ få fram den enkelte sine ressursar, vekst og utvikling. Dette gjev større grad av meistring av eige liv og fremjar den enkelte sitt sjølvstende. "Nyving" har ein godt innarbeid turdag i veka. For å styrke interessa og gjere denne turdagen meir attraktiv og opne opp for at fleire inaktive deltakarar kan delta, søker me om midlar til transport.

maal: Me har ei vakker øy med mange flotte turmoglegheiter rundt om på øya. Men det er store avstandar frå kommunesenteret ut til desse plassane. For å komme oss dit, og til nærliggande nabokommunar som Stord og Haugesund sine tilrettelagde turområder, trenger me å leige transport. Kollektivtransporten er ikkje teneleg til å komme fram og tilbake til desse stadane. Det er og fleire av deltakarane som ikkje klarer og nytte seg av kollektivtrafikk på grunn av psykiske utfordringar, og trekker seg frå turen. Da mister de både delen med fysisisk aktivitet og det sosiale som ein slik tur gir. TT kort ordninga er diverre ikkje pr. d.d. tilrettelagt for personar med psykiske utfordringar. Mykje forskning viser til den positive innverknad fysisisk aktivitet har på kroppen, både den psykiske og fysiske helsa.

Det er også i tråd med vedtatt handlingsplan for Folkehelse 2014 i Bømlo, samt vedtatt handlingsplan for psykisk helse å fremje betre fysisisk helse blant befolkninga, med særskild merksemd mot dei som er lite fysisisk aktive.

Det er ei nasjonal målsetjing å styrkja psykisk helsearbeid og rusomsorga i kommunane. Gjennom fleire sentrale dokument peikar Regjeringa på behov for:

- Ei meir målretta satsing på tidleg innsats, helsefremjande og førebyggjande arbeid for alle aldersgrupper.

Det er i tråd med dette me ynskjer å gje eit bidrag for folkehelsa, men karer ikkje kostnadane aleine.

gjennomføring: Me ynskjer å legge opp til varierte turar med gjevne mellomrom i samarbeid med deltakarane sine behov og ynskjer. Ved midlar til transport kan fleire bli invitert med til å ta del i det sosiale fellesskapet og samtidig få styrke si fysiske helse. Det vil styrke den enkeltes ressursar, vekst og utvikling og gje større grad av meistring i eige liv. Gjennom det sosiale nettverket får deltakarane ein plass å høyra til, dei blir sett og høyrte og byggjer relasjonar til andre. Det vil skape samhald gjennom felles naturopplevingar og fellesskap. Dette førebyggjer blant anna einsemd, angst, depresjon og vil gje meistring i trygge rammer samarbeid: I fellesskap vil me planlegge og sette opp ein turplan etter brukere på dagsenteret og medlemmer i Mental Helse sine behov og ønsker. Vil leggje vekt på brukarmedverknad.  
 spesifiser: